



Dette er underetasjen som det no er knytta pålegg til. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**10. desember hadde kommunen inspeksjon av Uskedalen Brygge, nærare bestemt av bustadprosjektet Naustet som inneheld 9 husvære.**

Som resultat av inspeksjonen er det gjeve pålegg om retting/utføring av arbeid i underetasjen i bustad-bygget då det er til fare eller kan skade personar som tek seg inn i denne etasjen.

Dette må utførast:

\* Det må monterast inn vindauger og dørar slik at uvedkomande ikkje tek seg inn på 'byggjeplassen' og skadar seg sjølv eller gjer skadeverk

\* Hovedvassinntak med forgreningar til husværa må verta frostisolert og vassforsyninga tryggja i kalde periodar.

\* Hovudstraumkabel/kabelføringar må vernast forskriftsmessig slik at skade ikkje oppstår.

Desse arbeida må utførast og rapport innsendast innan 31. januar.

Blir ikkje arbeida retta /utført innan denne fristen, til rådmannen straks vurderer tvangsmulkt i medhald av plan- og bygningslova.

Pålegga om retting er sendt Uskedalen Brygge ved Geir Rusten.

Av Ola Matti Mathisen



Kommunen trugar med tvangsmulkt i samband med underetasjen. (Foto: Ola Matti Mathisen)